



Saksframlegg

Kommunale mål for Hjorteviltforvaltninga 2021-2024

Saknr. Utval	Utval	Møtedato
015/21	Viltutval	30.08.2021
073/21	Kommunestyret	16.09.2021

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.04.2021	Høyringsvar - Kommunale mål for hjorteviltforvaltninga og forskrift om minsteareal frå Valldal BestandsPlan Område	1362713
04.03.2021	Vilt_uttale_2021	1359084
01.03.2021	Uttale viltfond, minsteareal og hjorteviltforvaltning - Nedre Stordal/Dyrkorn Storvald	1358901
01.03.2021	Uttale frå Indre Storfjord Bondelag vedk. hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune	1358883
26.08.2021	Kunnskapsgrunnlag til kommunale mål hjorteviltforvaltninga 2021-2024 (23.08.21)	1370086
26.08.2021	Måldokument (23.08.21)	1370087
26.08.2021	Måldokument_med endringar (23.08.21)	1370088

Kommunedirektøren si innstilling:

Viltutvalet innstiller på *Strategi og målsetjing for hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune 2021-2024* i samsvar med framlagt dokument. Saka vert sendt kommunestyrt for godkjenning.

Kommunestyret 16.09.2021:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

KS- 073/21 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner *Strategi og målsetjing for hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune 2021-2024* med endring av punkt 1.1a og 4b i tråd med forslag lagt fram i viltutvalet:

1. *Endringsforslag til punkt 1.1a tekst vert endra til: «Bestandplanane skal innehalde informasjon om for kor mange løyve som kan overførast mellom åra i planperioden.»*

2. *Endringsforslag til punkt 4b tekst vert endra til: «Ha ein god kjønnsbalanse i hjortestamma ved å halde andelen kolle pr. bukk mellom 1,2 og 1,5.»*

Viltutval 30.08.2021:

Bjørn Helge Rønneberg gav ei kort innleiing i saka. Saka vart drøfta.

Det var utarbeida to endringsforslag til framlagt dokument:

1. Endringsforslag til punkt 1.1a tekst vert endra til: «Bestandplanane skal innehalde informasjon om for kor mange løyve som kan overførast mellom åra i planperioden.»

2. Endringsforslag til punkt 4b tekst vert endra til: «Ha ein god kjønnsbalanse i hjortestamma ved å halde andelen kolle pr. bukk mellom 1,2 og 1,5.»

Utvalet fremma slik framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Strategi og målsetjing for hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune 2021-2024 med endring av punkt 1.1a og 4b i tråd med forslag lagt fram i viltutvalet:

1. Endringsforslag til punkt 1.1a tekst vert endra til: «Bestandplanane skal innehalde informasjon om for kor mange løyve som kan overførast mellom åra i planperioden.»

2. Endringsforslag til punkt 4b tekst vert endra til: «Ha ein god kjønnsbalanse i hjortestamma ved å halde andelen kolle pr. bukk mellom 1,2 og 1,5.»

Fellesframlegga vart samrøystes vedteke.

VILT- 015/21 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner Strategi og målsetjing for hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune 2021-2024 med endring av punkt 1.1a og 4b i tråd med forslag lagt fram i viltutvalet:

1. Endringsforslag til punkt 1.1a tekst vert endra til: «Bestandplanane skal innehalde informasjon om for kor mange løyve som kan overførast mellom åra i planperioden.»

2. Endringsforslag til punkt 4b tekst vert endra til: «Ha ein god kjønnsbalanse i hjortestamma ved å halde andelen kolle pr. bukk mellom 1,2 og 1,5.»

Saksgrunnlag:

Kommunen skal etter forskift om forvaltning av hjortevilt § 3 utarbeide ei målsetjing for utviklinga av hjorteviltbestandene i kommunen. Måla skal etter forskifta blant anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på natumangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker langs veg. Jaktrettsahavaranes bestandsplanar skal ha målsetjinger som samsvarer med dei kommunale måla.

Kommunestyret skal vedta målsetjingane og viltutvalet innstiller til vedtak. Viltutvalet må vurdere om hovudmål, delmål og tiltak slik dei vert presentert i revidert måldokument og samstundes vurdere om det er naudsynt med ein ny høyringsrunde før dokumentet vert sendt til kommunestyret for godkjenning.

Saksopplysningar:

Viltutvalet behandla fyrste utkast til kommunal mål for hjorteviltforvaltninga i møte 20. januar 2020

(sak 002/21) og forslag til målsetjing var på høyring i perioden frå 25. januar til 28. februar. Forslag til måldokument vart sendt valdansvarlege, samt organisasjonar innan landbruk og skogbruk i kommunen.

Uttale frå:

Forslag til kommunale mål for hjorteviltforvaltninga vart sendt på høyring saman med forslag til *Retningslinjer for bruk av det kommunale viltfondet*. I denne saka vil berre merknadene til dei kommunale måla verte vurdert, då dei innspela som gjekk på bruken av viltfondet vart vurdert i sak 006/21. Under høyringsperioden kom det inn 4 uttaler som gjekk direkte på dei kommunale målsetjingane. Eit samandrag av uttalene vert gjeve under, og uttalene i heilskap ligg ved saka.

Valldal bestandsplanområde

- Krava i 1.1 a og b (krav til mimumsavskyting av kalv og ungdyr, og krav til mimum fellingsprosent) bør kanskje mjukast opp eller fjernast då det kan vere føremålstenleg med fleksibilitet.
- Ber om at BPO får fritak for fellingsavgift på alle skapdyr.

Vurdering frå administrasjonen:

- *Ungdyr er dei med høgast naturleg dødelegheit, og høy avskyting av spesielt kalv er viktig for at færrest mogleg dyr skal «gå tapt». Administrasjonen vurderer at krava til avskyting av kalv og ungdyr, samt kjønnsfordeling, i forslag til måldokument med faglegforankring kan gjerast gjeldane for heile kommunen (ref. til dømes [Handbok i praktisk hjorteforvaltning](#)).*
- *Smådyrordning er fjerna i revidert måldokument. Grunngevinga framgår av punkt «Økonomisk konsekvenser» under saksvurdering og konklusjon.*

Nedre Stordal og Dyrkorn Storvald

- Punkt 1.1a. (krav om minimum 50 % kalv og ungdyr): Samd i at det er føremålstenleg å ha høg avskyting på kalv og ungdyr, men meiner eit minimumskrav på 25 % kalv er for lite ambisiøst og vil gjere det naudsynt å gje eigne løyve på fjorskoller (1 ½ år).

Vurdering frå administrasjonen:

Minimumsmålet på 25 % kalv skal hindre at ein tek ut uproposjonalt mange 1 ½ åringar. Bestandsplanområda kan utifrå formuleringa «minimum 25 % kalv» sjølv fastsetje ein høgare prosentdel kalv dersom det er førmålstenleg ut ifrå deira bestand.

Indre Storfjord Bondelag

- Poengerter at hjortevilt gjer betydeleg skade på landbruket i kommunen og syner til beiteskatetakseringar gjennomført av Norsk Landbruksrådgiving.
- Meiner kapittel 3 i målsetjingane manglar strategiar, mål og tiltak.

Vurdering frå administrasjonen:

Kapittel 3 er revidert for å tydeleggjere hovud- og delmål, samt tiltak.

Eidsdal bestandsplanområde

- For dyretal bør vektleggast meire på Sett hjort framfor vårteljing frå bil. Dette er eit tiltak, ikkje eit mål.

*Vurdering frå administrasjonen:
Administrasjonen er samd i at vurderinga og avsnittet angående kunnskap om hjorteviltet er justert for å understreke viktigheita av rapportering av sett hjort. Data frå hjortetellingar er likevell eit godt tillegg til kunnskapsgrunnlaget og datainnsamling bør vidareførast.*

Saksvurdering og konklusjon:

Revidert måldokument som no ligg føre er andre utkast som vert presentert for utvalet. Endringane i måldokumentet er basert på innspell frå utvalet i sak 002/21 og innspell som kom inn under høyringsperioden. Dokumentet i er stor grad omstrukturert sidan siste behandling, slik at det skal kome klarare fram kva for hovud- og delmål kommunen set og korleis vi skal jobbe for å nå dei.

Vedlegg «Måldokument_med endringar» syner endringane i blått. Vurdering av konkrete endringar i revidert måldokument:

Innleiing

Det er teke inn informasjon om nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt som skal leggje til grunn for dei kommunale måla.

Hovudmål 1

- Hovudmålsetjing nr. 1 er omformulert slik at det skal kome klarare fram at det er eit mål at lokal hjorteforvaltning skal verte meir grunneigarstyrt gjennom føremålstenlege bestandsplanområder, og at avgjersler innan hjorteviltforvaltninga skal baserast på god kunnskap.
- Under punkt 1.1 *Krav til bestandsplanane* er målsetjing til avskyting av kalv og ungdyr flytta til hovudmål 4 *Oppnå ein sunnare hjortestamme*. Målsetjingane vert likevell gjeldane for bestandsplanane. Krav til fellingsprosent er fjerna då det alt er nemnd under hovudmål 1.
- Smådyrsordning er fjerna, sjå avsnitt *Økonomiske konsekvenser* for grunngjeving.

Hovudmål 3

Tiltak for å oppnå målsetjinga er teke inn, jf. innspel frå Indre Storfjord Bondelag.

Hovudmål 4

- Punkt a og b er flytta frå hovudmål 1.
- Det er under punkt a teke med ein formulering ein bør ha eit selektivt uttak av eldre bukk. Stranda og Sykkylven kommuner har i fleire år hatt ein målsetting om maksimalt 10-15 % bukkeavskyting og med målretta arbeid fått opp andelen eldre bukk. Det er godt dokumentert at alder og tal på eldre bukker i eit område påverker reproduksjonen i stamma. Brøling og anna brunstaktivitet til dei eldre bukkane er med på å framskande og synkronisere brunsten hjå kollene. Tidleg paring gjev høgare fødselsvektar og større kalvar har høgare overleving. Å få opp andelen eldre bukk i bestandene er difor eit viktig verkemiddel for å oppnå ein sunnare hjortestamme med høgare slaktevektar på kalv og ungdyr. Det har i perioden frå 2015 til 2019 vore teke ut 18 % eldre bukk i tidligare Stordal kommune og 27 % i Norddal kommune.
- Punkt c er oppdatert med bakgrunn i gjennomsnittleg slaktervektar dei siste tre åra og slaktevektar frå 2015-2017 er teke med som referanse.

Økonomiske konsekvenser

Punkt angående smådyrsordning, og at kommunen kan refundere fellingsavgift på kalv under ein viss vektgrense (1.1 d. i måldokument som var på høyring), er fjerna frå revidert forslag til måldokument. Administrasjonen ønskjer å gjere den økonomiske støtteordninga til bestandsplanområde minst mogleg byråkratisk. Gjennom vedtak i sak 006/21 skal kommunen betale ut ein driftstøtte på kr. 100 pr felte hjort til bestandsplanområde utan årleg søknad. Storleiken på driftstøtta kan alltid diskuteras, men er jf. sak 006/21 og 007/21 satt ut i frå dagens økonomiske status til det kommunale viltfondet. Kommunen har i dag ikkje grunnlaget for å anbefale auka bruk av viltfondet, dette på grunn av den relativt store auka kommunen har fått av utgifter i høve lovpålagte ettersøk.

Konklusjon

Forslag til dei kommunale målsetjingane for hjorteviltforvaltninga kan med fordel sendast regionale og stалеge mynde, samt nabokommunar, for uttale før endeleg vedtak. Dette blei ikkje gjort i fyrste høyringsrunde. Ut i frå vedtekne endringar i dokumentet må utvalet vurdere om måldokumentet skal sendast jaksrettshavarane som ny uttale.

Viltutvalet kan med fordel vurdere om ein skal fastsetje ein maksimum avskyting på eldre bukk i kommande planperiode slik som Stranda og Sykkylven har hatt i fleire år.

Karl André Birkhol
kommunedirektør